



Det kongelige landbruks- og matdepartement

| | | | | | |
|----------------------|------------------|---------------|-----------------|-------------|--------------------|
| Vår ref 14/1343-2 | Etat/ avd. TE | Saksbeh RØ | Ark. V00 &13 | Dykkar ref. | Dato 04.11.2014 |
|----------------------|------------------|---------------|-----------------|-------------|--------------------|

**HØRING AV NY FORSKRIFT OM TILSKOT TIL AVLØYSING VED
SJUKDOM OG FØDSEL MV.
ADMINISTRATIV UTTALE FRÅ VOSS KOMMUNE
Saksnr D NTA 70/14**

Saka gjeld

Landbruks- og matdepartementet har sendt framlegg til ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel m.v. på høyring. Frist for å gje høyringsuttale er sett til 1.12.2014. Den nye forskrifta skal gjelde frå 1.1.2015.

Bakgrunn og saksopplysningar

Forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel m.v, inneheld grunnleggjande vilkår for ulike tilskot som næringsdrivande i jordbruksføretak kan søkje på. Forskriftsutkastet som nå er på høyring, inneber ei regelfesting av tilskott til avløyning ved sjukdom m. v. Desse reglane er i dag heimla i forskrift av 8. november 2006 nr. 1227,-“forskrift om tilskot til avløyning”. Denne forskrifta omfattar mellom anna reglar og tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Sidan reglane for tilskot til avløyning ved ferie og fritid nå er føreslege overført til ny forskrift om produksjonstilskot i jordbruket, er det trong for å fastsetje ei ny forskrift om sjukdomsavløyning m. v.

Vurdering

Det vert kunn gjeve uttale til dei paragrafane me har merknader til.

§ 2.

Det er viktig med klare retningsliner for kva som vert omfatta av ordninga. Om “definisjonar” årleg kan endrast gjennom jordbruksforhandlingane, vil ordninga fort verte uføreseieleg. Både kommunal forvaltning og landbruksføretak må ha gode retningsliner og klare grenser for å kunne slå fast om føretaket har grunnlag til å kunne søkje eller ikkje.

§ 3.

Når ny likning ligg føre, bør det vera høve til å nytte denne i utrekninga av gjennomsnittleg næringsinntekt. Gjer derfor framlegg om at avsnitt 2 første setning vert endra til: *Den person som det vert kravd avløyning for, må ha hatt ei gjennomsnittleg næringsinntekt frå jordbruk, gartneri mv. frå føretaket på minimum 1/2 G i dei to siste avslutta likningsåra.*

§ 4.

Det er knytt usikkerheit korleis denne paragrafen skal tolkast. Bakgrunnen for dette er siste punktet, som seier: *Tilskot kan på ny gjevast når den som det har vert søkt tilskot for har vore heilt arbeidsfør i 26 veker.* Det bør presiserast maksimalsum på 365 dagar i siste 3 år, berre gjeld fram til datoen ein har vore heilt friskemeldt i samanhengande 26 veker.

- Eit anna alternativ kan vera at ein etter dei første 16 dagane i sjukemeldinga, fylgjer same periode som Nav har for si sjukepengeperiode.

§ 5.

Det kan feilaktig virke som at det er forskjell på regelverk når det gjeld foreldrepengar/-eingongsstønad ved svangerskap og adopsjon av barn under 15 år. Vår forståing er at rettane er identiske, med unntak av dei 3 vekene som mor har før fødsel. Me meiner at paragrafen er mangelfull når det gjeld rettene for homofile ektepar/registrerte partnerar og surrogati.

Forskrifta bør tilpassast reglane i folketrygdelova. I samband med fødsel bør registrert forelder som bur saman med “mor”, ha same rettar som “far”, då intensjonen med ordninga må vera å avlaste mor i den første tida.

Når det gjeld overtaking av omsorga for fosterbarn, er det ikkje heimla tilskot til dette føremålet i folketrygdelova. Tapt arbeidfortjeneste vert refundert gjennom Bup-etat, og bør etter vår meinig ikkje medføre rett på tilskot gjennom denne forskrifta. *Me gjer framlegg på at dei 2 siste setningane i 3. avsnitt vert strokne.*

§ 6.

Om ein sett grense for å kunne følgje barnet til legeundersøking med meir, til det kalenderåret barnet fylgjer 12 år, vil dette oppfattast som forskjellsbehandling, avhengig av om barnet er født tidleg eller seint i kalenderåret. Det mest rettferdige vil vera å nytte fødselsdatoen. Me gjer framlegg om endring av 1. avsnitt 2. setning til: *Tilskotet kan gjevast til og med datoen barnet fyller 13 år.*

§7.

Intensjonen med ordninga er at det ikkje skal trekkast i dag-satsen for attlevande familie-medlemmer, i inntil 8 veker, etter at den som har hatt næringsinntekta frå bruket er gått bort. Me vil oppmode Departementet om å formulere dette på ein enklare og meir forståeleg måte. Det bør presiserast om det skal vera trong for dokumentasjon av kostnader, og om det er høve til å leige inn avløyssar som, vert refundert av denne paragrafen. Me gjer framlegg på at heile paragrafen vert omformulert og presisert.

§ 8.

Når det gjeld søknadsfristen kan det i nokre høver vera vanskelig å få inn naudsynt informasjon innan fristen. Dette kan det vera fleire årsakar til, men oftast er det kontakten mellom søkjar og Nav, som kan vera ei utfordring. For kommunen som sakshandsamar, er det ein stor føremon at all naudsynt dokumentasjon ligg føre når me mottok søknaden. Me vil oppmode om at søknadsfristen vert forlenga med ein månad, slik at 2. setning 1 avsnitt vert endra til:

Søknadsfristen er 4 månader etter dagen sjukemeldinga gjekk ut eller 4 månader etter datoen søkjar mister retten på sjukdomsavløyssing jamfør § 4.

Sidan avløyssartilskot ved sjukdom er ei refusjonsordning og ikkje ei tilskotsordning, kan me ikkje sjå at det skulle vera noko i vegen for at refusjonen kan overførast direkte til avløyssarlaget, om søkjar ynskjer dette.

§ 12.

Det hender at sakshandsamar oppdagar feil på søknadene. I det store fleirtalet av desse tilfella er det opplagt at feilen ikkje er forsetteleg eller aktaust. Ofte vert søknadene utarbeida av avløyssarlaga, og avkorting av tilskot er i så høve uheldig, da føretaket ikkje er skuldig i anna

enn at dei har hatt tiltru til eit eksternt organ. Kommunen finn det uheldig at alle søknader “skal” avkortast, der ein oppdagar feil. Det må vera rom for vurdering. Me gjer framlegg om at ein bytter ut “skal” med “skal vurdere om”.

§ 14.

Forskrifta er eit viktig verkemiddel for velferdsordningane i landbruket. Det er viktig at endringane er nøye vurdert, før den nye forskrifta vert vedteke. Samstundes som det er ei stor føremon om endringane tar til å gjelde frå eit årsskifte. Me vil rå til at den nye forskrifta heller tar til å gjelde frå 1.1.2016, for å få ein best mogleg vurdering av innspela etter høyringsprosessen.

Generelt:

Avløysarlagenes rolle i samband med organisering av landbruksvikarar og avløysarar, er eit viktig velferds- og tryggleiksnett for landbruksføretak med husdyrproduksjon. Denne ordninga vil vera utsett for konkurranse om det vert høve til å kjøpe avløysartenester frå andre føretak en avløysarlag. Administrasjonen i Voss kommune er svært kritisk til at ein “tar sjansen” på å gjera endringar i den viktige beredskapsordninga som avløysarlaga i dag utfører på ei framifrå måte. Me er også skeptiske til framlegget om at landbruksføretaka ikkje lenger skal kunne la avløysartilskotet bli direkte utbetalt til avløysarlaget. Denne ordninga er viktig for at avløysarlaga skal kunne forskottere tildømes avløysartilskot ved sjukdom, og privat avløysing til avløysarar tilsett som ringavløysarar. Risikoen er at brukarane ikkje har økonomi til å nytte ordninga. Me vil rå til at dagens ordning, der føretaket sjølv kan bestemme om refusjonen ved sjukdomsavløysing skal utbetalast direkte til avløysarlaget, vert vidareført. Dette er ei ordning som fungerer. Tal frå Norske Landbrukstenester, viser at 60 % av medlemmane ynskjer at det er høve til å få overført tilskotet direkte til avløysarlaga.

Med helsing

Rune Østraat
rådgjevar

Kopi til: Møtebok for utvalet